
Fra: noreply@regjeringen.no
Sendt: 12. mai 2016 11:37
Til: postmottak SD
Emne: Nytt høringssvar til 16/485 - Høring - Grunnlagsdokument Nasjonal transportplan 2018-2029
Vedlegg: Uttale til Nasjonal transportplan (NTP) 2018-2029 - Ullensvang herad.pdf

Referanse: 16/485
Høring: Høring - Grunnlagsdokument Nasjonal transportplan 2018-2029
Levert: 12.05.2016 11:37
Svartype: Med merknader
Kontakt avsender: Ullensvang herad
Kontaktperson: Kent Geirmund Dagsland Håkull
Kontakt-e-post: kent.hakull@ullensvang.herad.no
Tittel: Ullensvang herad - uttale til Nasjonal transportplan (NTP) 2018-2029
Uttalelse:

Ullensvang herad handsama sak om uttale til Nasjonal transportplan (NTP) 2018-2029 den 9. mai 2016, HST 43/2016. Saksdokumentet er vedlagt. Uttalen til NTP er som følger:

Ullensvang herad støttar Hardangerrådet sitt innspel til Nasjonal transportplan (NTP) 2018-2029. Vidare ønskjer heradet å gi følgjande innspel til arbeidet med ny NTP:

1. Ullensvang herad støttar Hardangerrådet si vurdering at NTP vert vedteken med Høg ramme for investeringsplan. I tillegg, med bakgrunn i det store etterslepet på veginvesteringar i Hardanger, støttar heradet Hardangerrådet i synet at ny vegpakke frå Hardanger må fremjast i NTP-perioden. Heradet vil vere med og ta initiativ til nye samordna vegpakkar med eller utan bompengar. Ullensvang herad støttar også Hardangerrådet sitt framlegg om auka løyving til fylkeskommunane slik at dei kan vere aktive vegeigarar.
2. For Ullensvang ventar Hardangerrådet auka midlar til følgjande prosjekt i planperioden:
 - **Rv 13 Odda – Kinsarvik** med utbetring av smale parti som trafikksikringstiltak og nyanlegg. Tunnel Stana - Skjelvik i Odda kommune.
 - **Rv. 13 Kinsarvik- Bu - Rv 7** - Utbetring av smale parti som trafikksikringstiltak i planperioden og nyanlegg ved Kyrkjenes, Tveisme og Ringøy i tråd med KU for Ullensvang Herad av 2007 og godkjende planar.
 - Ullensvang herad meiner at det er avgjerande for den vidare regionale utviklinga at prosjekta ovanfor vert prioritert i NTP. Heradet ønskjer å presisera at ny reguleringsplan for **Rv. 13 Kinsarvik-Kyrkjenes** er venta ferdig i 2016, og heradet ventar at finansiering av denne er sikra i ny NTP.
3. Ullensvang herad støttar forventinga til Hardangerrådet at følgjande rassikringstiltak i heradet vert prioritert inn i NTP 2018 - 2029:
 - **Rv 13 Rassikring Fresvik-Stana i Ullensvang/Odda.**

4. Ullensvang herad støttar forventinga til Hardangerrådet om gul stripe på riksvegane i Hardanger. Likeins støttar Ullensvang herad Hardangerrådet i synet at gang og sykkelveg har for låg fokus i NTP 2018 – 2029 og me ber om at det vert innarbeid ein eigen handlingsplan for dette. Ullensvang herad har sett seg naudt til å gi slepp på 5 km med gang- og sykkelveg ved to høve dei siste åra, Rv. 13 Deildo og Rv. 13 Kinsarvik-Kyrkjenes, som følgje av løyvingar som ikkje strekk til for å realisera ei komplett løysing for alle trafikantar. Særleg med tanke på lovnad om å høyre på barn- og unge, som ikkje har førarkort, er ikkje dette tilfredsstillande rammer for planlegging eller gjennomføring.
5. Ullensvang herad støttar Hardangerrådet sitt innspel om Nasjonale turistvegar. Satsing på turistvegar i Hardanger må vere heilskapleg og omfatte både nasjonale og fylkesvise turistvegar.

Vurderingane ovanfor utgjer heradet sitt innspel til Nasjonal transportplan (NTP) 2018-2029. Uttalen er sendt både Hordaland fylkeskommune og Samferdselsdepartementet.

Vedlegg: Uttale til Nasjonal transportplan (NTP) 2018-2029 - Ullensvang herad.pdf (152,88 KB)